



Til drosjesentralane

Dato: 01.06.2015  
Vår ref.: 2015/5550-2  
Saksbehandlar: annvedv  
Dykkar ref.:

## Rapportering frå drosjesentralane - statistikk for veke 22 - 26

I samband med den årlege evalueringa av drosjeverksemnda i Bergen køyreområde bed me drosjesentralane om å levera informasjon. Rapporteringsplikta går fram av yrkestransportforskrifta § 50, og er vidare fastsett i drosjereglementet for Bergen køyreområde som vart vedteke i fylkesutvalet i Hordaland 01.12.09:

*Pkt. 5 Drosjesentralane si rapporteringsplikt*

*Drosjesentralane pliktar innan 1. september kvart år å uopfordra sende inn følgjande statistikk til fylkeskommunen:*

- *Informasjon om totalt tal køyreoppdrag, fordelt på type køyring for veke 22-26*
- *Informasjon om disposisjon av drosjebilparken for veke 22-26*
- *Informasjon om årleg omsetning*

*Drosjesentralane pliktar også etter krav frå fylkeskommunen å oversende annan relevant statistikk som fylkeskommunen måtte ha behov for, jf. yrkestransportforskrifta § 21. Ved brot på denne plikta kan fylkeskommunen fatte vedtak om at sentralen ikkje skal ha høve til å inngå formidlingsavtale med fleire løyvehavarar.*

Av omsyn til fylkeskommunen sin trong for å kunna samanlikna innleverte data mellom drosjesentralane og over tid, er det avgjerande at data vert levert på same form og spesifisert på same måte frå **alle** sentralane. Data skal leverast i excel rekneark på den forma og med det innhaldet som er vist i vedlegget. Data som avvik vesentleg i form og innhald frå det som er skissert vil ikkje kunna godtakast som levert. **Leveringsfrist er 1. september 2015.**

Når det gjeld andre sider ved drosjeverksemnda vil ein hausten 2015 kontakta sentralane om det. Har sentralane innspel om ting ein ynskjer skal takast med i evalueringa, kan ein ta kontakt med samferdselsavdelinga.

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Anne Vedvik  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*